



Arkivnr: 2014/598-5

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.06.2014

#### Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 4 - 2014

#### Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt totalt knapt 70 million kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 0,75 million kroner til nytt tiltak knytt til Inneklima ved Sandsli vgs.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 62602000	02320	03242	Sandsli vgs. – Inneklima	750 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ Tilbygg		750 000
				750 000	750 000

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.06.2014**

**Innleiing**

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt totalt knapt 70 million kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

**Sandsli videregåande skule – Oppgradering inneklima/ventilasjon**

Eksisterande ventilasjonsanlegg for deler av fløy 3 og 4 ved skulen har skader på varmevekslar, er gamalt og tilfredsstiler ikkje dagens krav til inneklima og enøk.

Ein rår til at heile aggregatet vert skifta og oppgradert slik at det er forberedt for eventuell framtidig ombygging / oppgradering av heile anlegget til behovsstyrte ventilasjon. Aggregatet vil bli kopla til eksisterande kanalnett og system for sentral driftskontroll (SD-anlegg).

Prosjektet er eit godt enøk og inneklimatiltak og ein vil prøve å få Enovastøtte til prosjektet.  
Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 0,75 million kroner til prosjektet.